

**Fra:** Klemet Bø <[klem-b@online.no](mailto:klem-b@online.no)>

**Dato:** 11. januar 2016 kl. 09.18.08 CET

**Til:** <[jenny.folling@sfj.no](mailto:jenny.folling@sfj.no)>

**Emne:** Søknad om støtte snøproduksjon/snøkøyring

Til fylkesutvalet v/ Jenny Følling

Markane Idrettslag søker om støtte til produksjon og transport av snø for å berge Norgescup i skiskyting på Ullsheim 22.-24. januar 2016.

**Søknadsbeløp kr 25.000,-**

Markane Idrettslag tek mål av seg til å vere ein solid arrangør av små og store idrettsarrangement, og har eit godt rykte etter å ha levert mange flotte arrangement i ski- og skiskyting dei seinare åra. No «strevar» vi for å redde Norgescup i skiskyting. Men med framleis kaldt ver har vi håp om å kunne produsere nok snø. Så håpar vi veret er på vår side også neste veke. For to år sidan måtte vi seie ifrå oss hovudlandsrennet i langrenn, så ei avlysing på nytt ville stille oss i eit litt dårlegare lys som arrangør. Difor gjer vi no alt vi kan for å arrangere Norgescup.

Det er kanskje 700 tilreisande til Stryn denne helga, så ringverknadane for lokalt næringsliv er store. Vi hentar også inn støtte til arrangementet der.

Men produksjon av snø i 14 dagar + utkøyring av all snøen kostar pengar. Mykje av drivkrafta for Markane IL til å ta på seg store arrangement og legge ned mange tusen timar med dugnadsinnsats er nettopp for at vi skal få litt ekstra midlar til å drive aktiviteten i klubben. Men med så store kostnadar for å få arrangementet i hamn så står vi i fare for å gå underskudd på arrangementet. Vi har også retta søknad om støtte til Stryn kommune, og har håp om at vi også får litt ekstra der.

Vi håpar fylkeskommunen ser den markedsføringseffekten som skiskyting skaffar Sogn og Fjordane og gir oss eit handslag denne gangen.

Ville vore fint med ei rask tilbakemelding på dette.

Skap ein god dag vidare!

Med helsing

Markane Idrettslag

Klemet Bø (dagleg leiar Ullsheim)